

Retningslinjer om handsaming av forskningsetiske spørsmål ved UiT Noregs arktiske universitet

Fastsett av rektor, etter fullmakt frå Styret ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT)		Dato 29.1.2018	
Heimel	Lov om universiteter og høyskoler § 9-1 første ledd, jf. § 1-5 og forskningsetikklova § 6 tredje ledd		
Ansvarleg eining	Avdeling for forskning og utviklingsarbeid (AFU)	Arkivref.	2017/3011
Erstattar	Retningslinjer for handsaming av forskningsetiske spørsmål	Arkivref.	2006/2792-17

I. Formål

1. Retningslinjene skal regulera handsaminga av saker der det kan vera spørsmål om det har vore brot på godkjende forskningsetiske normer. Dei skal bidra til at forskning og tilgrensande verksemd ved UiT skjer i samsvar med normene, fremja høgt medvit omkring forskningsetiske spørsmål og leggja til rette for god vitskapleg praksis ved å auka kunnskapen om, interessa for og debatten om etikk knytt til universitetet si verksemd.

II. Forskingsetiske normer

2. Forskingsetikk omfattar etiske aspekt både ved forskarrolla og forskingsprosessen. Forskingsetiske dilemma kan også oppstå i skjeringssflata mellom forskning og andre aktivitetar, som undervisning, innovasjon, formidling, ekspertverksemd, fag- og institusjonsforvaltning og engasjement i anna verksemd.
3. Ved UiT skal godkjende forskningsetiske normer, slik dei går fram av lokale, nasjonale og internasjonale forskningsetiske retningslinjer, leggjast til grunn for å sikra god forskingskikk. Dei mest sentrale forskningsetiske retningslinjene går fram av Dei nasjonale forskningsetiske komiteane si oversikt.

III. Ansvar

4. Leiinga har ansvar for å sikra at undervisning, forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid vert gjennomført i samsvar med godkjende forskningsetiske prinsipp, jf. lov om universiteter og høyskoler § 1-5 første ledd og forskningsetikklova § 6.
5. Det er ein del av det faglege ansvaret og personalleiaransvaret å sikra at forskningsetiske normer blir godt ivaretatt. Faglege leiarar på alle nivå har ansvar for å sikra god forskningsetisk praksis og for å vurdera spørsmål om eventuelle brot på prinsippa innafor sitt ansvarsområde.
6. Kvar enkelt forskar og student har ansvar for å setja seg inn i og følgja godkjende forskningsetiske retningslinjer i forskning/studium og tilgrensande verksemd. Han/ho skal handla med aktsemd for å sikra at forskningsetiske normer vert følgde, jf. forskningsetikklova § 4.

IV. Saksbehandling

7. Universitetsdirektøren fastset kva form klage over eller melding om mistanke om at ein tilsett eller student har brote forskningsetiske retningslinjer skal ha, og kvar saksbehandlinga skal gjennomførast.
8. Ein leiar som vert merksam på at det kan vera spørsmål om forskningsetiske retningslinjer er brotne innafor hans/hennar ansvarsområde, har plikt til å ta initiativ til at saka vert undersøkt.

9. Saker skal som hovudregel avgjerast og følgjast opp ved den eininga – fakultet eller tilsvarande – der den/dei meldinga gjeld er tilsett eller student. Fagleg leiar ved eininga – dekan eller tilsvarande – har ansvar for å følgja opp meldingar om mistanke om brot på forskingsetiske retningslinjer. Dette gjeld både for fakultets- og instituttnivå.
10. Forvaltningslova kap. IV om saksførebuing ved enkeltvedtak, og kap. V om vedtaket gjeld for behandling av sakene.
11. Når ei sak vert meld inn, skal part(ane) informerast og få kopi av dokumenta så raskt som mogeleg og seinast innan tre veker.
12. Ved opning av ei sak må det vurderast om det føreligg inhabilitet slik at saka må sendast til overordna nivå (forvaltningslova §§ 6-10).
13. Den som førebur saka, kan søka råd hjå ein eller fleire sakkunnige.
14. Part og/eller fagleg leiar kan be om å få ei sak lagt fram for forskingsetisk utval til uttalelse, jf. pkt. 17 om utvalet sitt mandat.
15. Konklusjonen i ei sak skal byggja på ei konkret vurdering av dokument og prov som har vorte lagt fram i saka, eventuell uttalelse frå Forskingsetisk utval ved UiT m.v. Det skal gå fram av saka kva saksdokument som har vore vurdert og kva fakta som er lagt til grunn.

Det skal gå fram av konklusjonen om det føreligg brot på forskingsetiske retningslinjer, og i så fall

- om forskar /student har handla vitskapleg uredeleg etter beskrivinga i forskingsetikklova § 8 andre ledd eller ikkje
- om det føreligg systemfeil ved institusjonen
- om det er vitskapleg(e) arbeid i saka som bør korrigerast eller trekkjast tilbake

16. Når det føreligg konklusjon i ei sak, skal eininga – fakultet eller tilsvarande – vurdere kva konsekvensar ho eventuelt skal få, og følgja opp saka. Part(ane) skal informerast. Dersom konklusjonen er at ein forskar har handla vitskapleg uredeleg etter beskrivinga i forskingsetikklova § 8 andre ledd, skal han/ho få informasjon om at det er høve til å klaga til Granskingsutvalet, jf. forskingsstikklova § 7 andre ledd.

V. Forskingsetisk utval – oppnemning, saksbehandling m.v.

17. UiT skal ha eit sentralt redelegheitsutval kalla *Forskingsetisk utval ved UiT*. Utvalet kan bli bedt om å uttala seg i saker der det kan vera tvil om det ligg føre brot på forskingsetiske retningslinjer. Utvalet kan også ta opp saker etter eige tiltak, og uttala seg om generelle spørsmål som gjeld forskingsetikk; oppfølging av saker, opplæring m.v.
18. Universitetsstyret nemner opp Forskingsetisk utval ved UiT. Utvalet skal ha fem medlemmer med personleg varamedlem. Leiar og varamedlem for leiar skal fylla dei lovbestede krava for lagdommar og tingrettsdommar. Tre av medlemmene skal vera vitskapleg tilsette. Ein medlem skal ikkje vera tilsett ved UiT. Han/ho skal ha forskarkompetanse. Minst ein av medlemmene skal vera fagkunnig innafør etikk. Dersom leiar ikkje er tilsett ved UiT, skal dei fire andre medlemmene vera vitskapleg tilsette ved UiT.

I saker som gjeld studium, skal det i tillegg vera med to studentar.

Studentrepresentantane blir oppnemnde for eitt år. Dei andre medlemmene blir oppnemnde for tre år.

19. Universitetsdirektøren fastset kvar sekretariatet for forskingsetisk utval skal liggja.

20. Kap. IV om saksbehandling gjeld så langt det høver for saker som vert lagt fram for utvalet.
21. Ein medlem av utvalet med varamedlem blir sitjande til ny medlem er oppnemnt, sjølv om funksjonstida har gått ut. Ein medlem held også fram til handsaminga av påbegynte saker er avslutta.
22. Når eit møte i forskningsetisk utval startar, skal leiar minna medlemmene om at dei pliktar å vurdere habiliteten. Ein medlem som har vore med på saksførebuinga eller tidlegare avgjerd i ei sak, skal ikkje vera med ved handsaming av saka.
23. Avgjerd om fråsegn (uttalelse), med grunngiving, skjer som hovudregel i møte. Utvalet kan uttala seg når leiar eller varamedlem for leiar og to andre medlemmer er til stades.
24. Når forskningsetisk utval har konkludert i ei sak, skal uttalelsen sendast til den aktuelle eininga og til part(ane).

VI. Iverksetjing

- 22 Retningslinjene gjeld frå 29.1.2018. Frå same dato er retningslinjer for handsaming av forskningsetiske spørsmål frå 14.2.2008 oppheva.